

# Sak til samarbeidsutvalet

---

Går til: Medlemene av samarbeidsutvala  
Utval: Samarbeidsutvalet for Nordhordland  
Dato: 18.09.2020  
Sakshandsamar: Prosjektlear for felles utviklingsplan  
Saka gjeld: ORIENTERING OM STATUS I PROSJEKTET «FELLES UTVIKLINGSPLAN FOR SAMARBEID OG SAMHANDLING.»  
Saksnummer: 36/20-1

---

## Bakgrunn:

Bakgrunnen til prosjektet med felles utviklingsplan er godt kjent for SU.

Prosjektdirektivet for prosjektet er no vedteke og vert lagt ved saka. Prosjektlear har gått gjennom grunnlagsdokument for prosjektet. Dette gjeld dokument og oppsummering av tidlegare prosess i SU'ane og relevante rapportar og dokument nasjonalt.

Det har vore gjennomført ei rad møtet med representantar for kommunar ( for det meste kommunalsjefar for aktuelt område ) og sjukehus. Det har vore eige møte med Bergen kommune for å avklare prosessen der. Vidare har det vore dialog med fleire private/ideelle institusjonar/sjukehus.

## Drøfting/vurdering:

Prosjektlear vil delta på SU/SR sine møter og vere til disposisjon med orientering og svare på spørsmål.

Prosjektlear si vurdering er at prosjektet har hatt litt lita framdrift i starten. Dette av naturlege grunnar med corona-situasjonen som den viktigaste. Opplevinga no er at det er god framdrift og større engasjement.

Prosjektet er no i gjennomføringsfasa.

Det vert no dialog-møte med partane / interessentane. Det vert utarbeid eigen dialogmal for desse samtalane for å sikre god prosess. Målsetjinga med desse dialogmøta er tredelt. For det første vil ein formidle informasjon om prosjektet inkludert Helsefelleskap. For det andre vil innhenting av informasjon og synspunkt frå partane vere det viktigaste. Til slutt er dette eit strategisk grep i forankringsarbeide og for å skape engasjement.

Det vert arbeidd med ein detaljert framdriftsplan for resten av gjennomføringsfasa.

## Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek saka til orientering.